



# LEIKANGER JAKT- OG FISKELAG

## ÅRSMELDING 2009

Årsmøte i lagshytta på Kleppa  
torsdag 4. mars 2010 kl.19:00



*Foto:Svein Inge Lundheim*

*Barnehagen samla før avgang til Vålamyra*

*Jakt- og fiskeglede til alle – for alltid!*



# ÅRSMØTE

Lagshytta på Kleppa  
Torsdag 4.mars kl.19:00

## SAKLISTE:

1. Godkjenning av møteinnkalling.
2. Val av møteleiar og skrivar.
3. Val av to personar til å skriva under møteprotokollen.
4. Årsmelding.
5. Rekneskap.
6. Val.
7. Val av 3 utsendingar til årsmøte i NJFF-Sogn og Fj.
8. Info. om aktivitetar i 2010.
  - Aktivitetskalendar.
  - "Jakt- og fiskeskule"*.
  - Oppstart av fotogruppe i Leikanger jfl.
9. Innkome saker.
  - Bygging av heilårslavvo på Kleppa.

Siste nytt frå Njff ved Geir Haukaas,  
"fagleiar vilt" i Njff-Sogn og Fjordane.

*Enkel servering og sosialt samvær!*

*Nye og gamle medlemar velkomne!*

*Styret*

# Leikanger Jakt- og Fiskelag

## ÅRSMELDING 2009

**Styret** har i 2009 vore samansett som følgjer:

Leiar: Svein Inge Lundheim  
Nestleiar: Per Ove Fossheim  
Kasserar: Håkon Nesse  
Sekretær: Per Norstein  
Kvinnekontakt: Marianne Vara  
Vara: Kjetil Berg

I tillegg møter leiarane for utvala på styremøte.

Ved årsskiftet hadde laget 278 medlemmer, som utgjer 12,5% av innbyggjarane i Leikanger Kommune. Det er ein medlemsauke på 36 i 2009!

### **Møteaktivitet:**

Det er halde 4 styremøte der det er handsama til saman 63 saker.

Leikanger jfl har fortsatt god representasjon i Sogn og Fjordane NJFF i året som har godt. Per Norstein er nestleiar/sekretær, Jan Thore Fedje er ungdomsansvarleg og Terje Hove Thorsnes er 2. vara til styret.

Terje Hove Thorsnes sit òg i fylkesutvalet for fiske, medan Svein Inge Lundheim sit i fylkesutvalet for jaktskyttarar.

Ved årsmøte i NJFF-Sogn og Fjordane 13.-14.mars på Skei var Svein Inge Lundheim, Marianne Vara og Jan Magne Vigdal var utsendingar frå Leikanger jfl. Leikanger Jakt- og Fiskelag mottok ”Barne- og ungdomsprisen 2008” på 5.000,-kr på årsmøte for godt barne- og ungdomsarbeid.

På fiskeseminar den 21.- 22.november var Jan Magne Vigdal, Per Sivert Nesdal og Svein Inge Lundheim deltakarar frå Leikanger jfl

### **Generelt:**

I 2009 kan me også konstantera at året hadde vore eit særst positivt år for Leikanger Jakt- og Fiskelag. Til liks med 2008 har det vore gjennomført ei rekke tiltak – me viser til ei oppsummering av aktivitetar annan stad i årsmeldinga. Men sett frå styret sin ståstad, har året vore prega av at ting synest å vere så etablerte at dei går av seg sjølv. Det er grunn til å tru at dette er ein reaksjon på dei særst aktive åra før. Samstundes har det vore brei innsats av ’nye’ folk som har vist driv og innsatsvilje, prøvd ut mykje og lukkast med mangt. Denne påpeikinga heilt utan å gløyme dei gamle ’slitarane’.

Økonomisk har også 2009 vore eit godt år. Det tryggar drifta på alle måtar. Samstundes har mykje av inntektene kome i form av tilskot til ulike aktivitetar, sjå nedanfor. Dette er ein effekt av tidlegare innsats. Laget har vist at det maktar å gjennomføre gode tiltak. Tilliten dette skapar gjev grunnlag for nye positive tilsegn. Styret nyttar høvet til å trekke fram og takke alle som bidreg i prosjekt og aktivitetar av ulike slag !

Leikanger jfl har sendt inn høyringsforslag på konsesjonssøknaden til Sognekraft for Leikanger Kraftverk og klage på løyve på kraftlinja mellom Fjærlandsfjorden og Grindsdalen. Stor takk til Sven Erik Vestby som har lagt ned eit formidabelt arbeid med begge skriva.

## **Landsmøte 13.–15.november i Bodø:**

Per Norstein og Jan Thore Fedje var deligatar for NJFF-Sogn og Fjordane på NFF's landsmøte i Bodø. I tillegg var Svein Inge Lundheim ein av fire som vart innvitert til landsmøte for å motta "NJFF's ungdomslederprisen" for godt barne- og ungdomsarbeid over lengre tid.

## **Gåver, tilskot og dugnadsinntekter:**

Ei stor takk til våre samarbeidspartnarar som me har hatt inntekter/fått tilskot frå:

- |  |             |
|--|-------------|
| • Stirydding/merking for Sognefjord Reiselivslag:                    | 5.000,- kr  |
| • Produksjon av stadnamnskilt for Systrond Sogelag                   | 8.000,- kr  |
| • Leikanger Kommune – tilskot frå kulturmidlane:                     | 4.000,- kr  |
| • Gåve frå Sparebanken Sogn og Fjordane:                             | 6.000,- kr  |
| • NJFF – Prosjekt Fiskesommer, barne- og ungdomssatsing:             | 10.000,- kr |
| • NJFF - opptur (jentesatsing) skytekurs og vin- og matkurs:         | 2.715,- kr  |
| • Marine Harvest avd. Rivedalen – støtte til barn- og ungdomsarbeid: | 10.000,- kr |
| • NJFF- barn- og ungdomsarbeid i 2010:                               | 26.858,- kr |
| • Sogn Avis – sponsoravtale med gratis annonsering inntil (eks.mva.) | 15.000,- kr |

I tillegg vil laget rette ei stor takk til Lerum, Årskog Bakeri, Leikanger Bokhandel, E. Røysum, Sogn Tavle og Datamontering, Kiwi, Prix, Coop-byggevarer, Bama og andre bedrifter som bidreg med støtte til lagsarbeidet vårt!

Produksjonen av sti- og stadnamnskilt har vorte ei god inntektkilde for laget. I 2009 laga Svein Inge Lundheim 20 stadnamnskilt (Henjadalen) for Systrond Sogelag. Montering av skilta er utsett til 2010.

## **Kurs, undervisning og konkurransar:**

Som vanleg er det gjennomført fleire kurs og konkurransar.

- GPS-kurs v/Ole Simen Nesdal - 40 delt.
- Jegerprøvekurs – 13 delt.
- Stor aktivitet m/instruksjon på leirduebana.
- 2 kurs i aversjondressur (el..halsband) – 16 hundar har delteke.
- "Opptur" 2 skytekurs for damer – ca.10 deltakarar.
- Kurs i flugekasting v/Gunnar Olsmo – 5 delt.
- "Opptur" Vin- og matkurs for damer v/Per Norstein og Kjetil Berg – 8 delt.
- Kurs i åtejakt på rev og fellefangst på mår – ca.15 delt.
- "Indre Sogn Cup" – Emil Røysum Skartun vart vinnar med 95 treff.
- Lagsmeisterskap i jegertrap og leirduesti.
- Duellen mellom skyttarlaget og jakt og fiskelaget.
- Vårsprellen.
- Fiskekonkurransen på Fjærlandsete.

Jegerprøvekurset er ein av dei viktigaste kursa me held. Jegerprøveinstruktør-korpset på fem består av Inge Yttri, Ole Simen Nesdal, Håkon Nesse, Per Norstein og Sverre Fossen.

Instruktørar i aversjondressur er Kurt Langeteig, Bjørn Monsen, Odd Reksnes og Robert Brenden.

Nils Olav Langeteig gjekk til topps under "Nittedals Cup 2009". Det cupskyting med utslåing og nr.2 i konkurranse bomma på 143. skotet.

Joakim Langeteig fekk premie på 8. plass med 38 tr. i klasse D1 på NM-jegertrap.

I lagsmeisterskapen tok Emil Røysum Skartun ”storeslem” med 25 treff i både jegertrap og leirduesti.

I Duellen mellom skyttarlaget og jakt- og fiskelaget vart trofea likeleg fordelt. Skyttarlaget vann lagkonkurransen med berre 1 poeng og Nils Olav Langeteig vart ”Systronds beste skyttar” med 48 treff. Ellers vart Svein Inge Lundheim best på leirduebana med 24 treff og Marianne Stigen vann med 250 poeng på 200M.

I rovviltkonkurransen vart Per Røysum klar vinnar av mårklassen med 7 mårar (2 deltakarar). Mellom dei 2 deltakarane i klassen for rev, vann Per Røysum (2 revar) med ein rev på 7.495 kg. Ved trekkinga av gåvekortet for kvar klasse, fekk Per Røysum begge to. Leikanger jfl fekk vinnar-reven av Per Røysum, som vart sendt til utstopping. Reven er utstilt på lagshytta.

### **Andre aktivitetar:**

Også i 2009 er ei lang rekke andre meir eller mindre tradisjonsrike arrangement gjennomført. Desse er i stor grad omtalte i tidlegare årsmeldingar, og vert berre lista opp under. I 2009 har me delt ut 99stk haspelstenger til barn og unge. (fiskesommer og fiskelykke)

Leikanger jfl har inngått ein ”partnerskapsavtale” med barnehagane i Leikanger Kommune. Aktivitetane som inngår i avtalen er garnfiske og fisketurar i Henjadalen og til Vålamyra. Når dei 3 aktivitetane går på dagtid er det godt å ha ivrige pensjonistar i medlemsrekkene som stiller opp og hjelper til. Stor takk til Kjell Vangnes, Steinar Næss, Inge Yttri, Sverre Fossen, Torbjørn Strømseng, Leif Frækaland og Oddvar Lundheim. I tillegg var Bjarne Sjøthun og Svein Inge Lundheim med frå styret.

- Isfiske på Dalavatnet med ca. 60 små og store deltakarar.
- 4 aktivitetkveldar m/flugebitting - frå 10 - 20 deltakarar kvar kveld.
- Fisketurar med barnehagen i Henjadalen og Vålamyra. (Partnerskapsavtale)
- Fiskeklubbturn m/”fiskelykke” til Vålamyra. Ca.70 framømte – 42 utdelte fiskestenger.
- Garnfiske og leirdueskyting med 8.klasse frå Austerrike.
- Fiskesommer – 21 fiskeklubbmedlemmer fekk utdelt ny ”gratis” fiskestang.
- Fiske-og familietur til Hallingskeisanden på Lærdalsfjellet.
- Garnfiske med barnehagen.(Partnerskapsavtale)
- Stend m/fiskekumme og verving på symjefestivalen – (8nye medl.)
- Jakttskytingens dag – 100 m og leirdueskyting – ca.10 delt. kvar plass.
- ”Fruktbare dagar” – stand på laurdag og open dag på lagshytta søndag.
- Livet i Pilavika m/fiskeklubben, aktivitetsdag for alle – ca. 50 deltakarar.

Hovudinstruktør i flugebitting er Tore Brock og hjelpeinstruktørar er Kjetil Berg, Jan Magne Vigdal og Sverre Fjøsne.

### **Andre tilbud til medlemmene:**

Leikanger Jakt- og Fiskelag er forhandlar av ”Sports`s pride” hundefor. Det er 3 typar hundefor i 15kg sekker som er til salg til medlemar i NJFF.

Som det går fram av opplistinga over, har det vore stor aktivitet på leirduebana. Instruktørar og standplassansvarlege på leirduebana har vore Leif Arne Lingjerde, Odd Reksnes, Emil Røysum Skartun, Nils Olav Langeteig, Kurt Langeteig, Per Norstein, Håkon Nesse og Svein Inge Lundheim.

I 2009 har det vore 19 overnattingar i Trastadalshytta.

Lagshytta og leirduebana på Kleppa har vore leigt ut fleire gonger, både til medlemmer, bedrifter og andre.

Styret.

## **Utvala i 2009**

### **FISKEUTVALET**

Leiar: Jan Magne Vigdal

Medlem: Terje Hove Thorsnes

Medlem: Kevin Viken

Medlem: Per Sivert Nesdal

### **JAKTUTVALET**

Leiar: Bjarne Sjøthun

Medlem: Per Olav Henjum

Medlem: Per Norstein

Medlem: Øyvind Njøs

### **LEIRDUEBANEUTVAL**

Leiar: Svein Inge Lundheim

Medlem: Odd Reksnes

Medlem: Emil Røysum Skartun

Medlem: Nils Olav Langeteig

### **UNGDOMSUTVALET**

Leiar: Ole Simen Nesdal

Medlem: Vidar Jacobsen

Medlem: Sverre Fjøsne

Medlem: Kjetil Berg

### **HUNDEUTVALET**

Leiar: Kurt Langeteig

Medlem: Bjørn Monsen

Medlem: Øyvind Husabø


Medlem: Jon Husabø

## LEIKANGER JAKT- OG FISKELAG REKNESKAPEN 2009

	2009	2008
<b>UTGIFTER</b>		
Kontor / Rekvista	3 904,45	3 260,35
Kontingenter	250,00	1 100,00
Kursmater	9 907,00	18 715,00
Trastadalshytte	127,40	1 445,30
Drift leirduebane	49 467,95	74 651,37
Drift legshytte	35 591,62	18 981,03
Eigne kurs	3 411,00	6 209,30
Barn/ungdomsarbeid	19 887,50	35 091,35
Fiskekonkurranser	0,00	1 444,00
Diverse utgifter	35 884,30	35 145,53
Dugnadsarbeid	1 395,90	812,68
Leirduebane nytt anlegg	5 087,50	13 683,20
Renter	8 204,00	9 707,00
Jentekvinneaktivitet	1 332,80	0,00
<b>Sum utgifter</b>	<b>174 251,02</b>	<b>218 247,29</b>
<b>INNETEKTER</b>		
Renteinntekter	386,50	1 421,75
Sponsorgaver	15 545,00	8 000,00
Kontingent	13 110,00	9 819,00
Eigne kurs	40 734,00	12 075,00
Fiskekonkurranser	1 600,00	2 500,00
Diverse inntekter	10 543,60	22 818,00
Trastadalshytte	1 900,00	1 300,00
Drift Leirduebane	48 619,90	70 904,50
Drift legshytte	24 040,00	32 200,00
Barn/ungdomsarbeid	61 858,00	69 460,00
Jentekvinneaktivitet	7 110,00	2 500,00
Dugnadsarbeid	13 500,00	23 776,00
Kontor / rekvista	2 207,00	
<b>Sum inntekter</b>	<b>231 333,60</b>	<b>266 773,23</b>
<b>Overskot</b>	<b>57 082,58</b>	<b>38 525,94</b>
<b>AKTIVA PR 31.12.2009</b>		
Sparebanker Sogn og Fjordane	184 672,60	134 570,02
Fiskeutstyr / Fluestenger	6 855,00	9 840,00
Skot, duer, premiar, artiklar for sal	13 500,00	16 366,00
4 stk laivo, div leirutstyr	23 580,00	28 200,00
Legshytte (teknisk verditakst)	1 700 000,00	1 700 000,00
Leirduekassar m/ utstyr	41 988,00	46 653,00
Videospelar/overhead/stativ	4 000,00	4 450,00
DVD, projektor, høgtalar, skrivarkopimaskin, bærbar PC	17 380,00	19 320,00
Kasse	1 710,00	1 610,00
3 stk hagler	15 795,00	17 550,00
Hundefor	13 812,00	0,00
<b>Sum aktiva</b>	<b>2 025 503,60</b>	<b>1 976 559,02</b>
<b>PASSIVA PR 31.12.2009</b>		
Lån pr 01.01.2009	122 988,00	128 304,00
Avdrag	-6 780,00	-5 316,00
Lån pr 31.12.2009	116 298,00	122 988,00

Rekneskapan er revidert og ferdig i orden.  
16.02.10.

Engje Gøttni Lunde Tøssum



## Styret og tillitsvalde i Leikanger Jakt- og Fiskelag 2009

Forklaring: A = på val 2010 B = ikkje på val 2010

### Styret:

Kategori:	Verv:	Namn:	Forslag:	Telefonnr.:
B	Leiar	Svein Inge Lundheim		90605267
A	Nestleiar	Per Ove Fossheim	<b>Ole Simen Nesdal</b>	97570583
A	Kasserar	Håkon Nesse	<i>attval</i>	97511639
B	Sekretær	Per Norstein		48182680
B	1år Varamedlem	Kjetil Berg	<i>Sverre Fjøsne</i>	90277167
A	Kvinnekontakt	Marianne Vara	<i>attval</i>	41530961

### Jaktutval:

A	Leiar	Bjarne Sjøthun	<i>attval</i>	90957245
A	Medlem	Per Olav Henjum	<i>attval</i>	91333305
B	Medlem	Per Norstein		48182680
B	Medlem	Øyvind Njøs		99499167

### Fiskeutval:

B	Leiar	Jan Magne Vigdal		95259791
A	Medlem	Terje Hove Thorsnes	<i>attval</i>	91790817
B	Medlem	Kevin Viken		95195443
A	Medlem	Per Sivert Nesdal	<i>attval</i>	95004333

### Leirduebaneutval:

A	Leiar	Svein Inge Lundheim	<i>attval</i>	90605267
A	Medlem	Odd Reksnes	<i>attval</i>	95758559
B	Medlem	Nils Olav Langeteig		90881288
B	Medlem	Emil Røysum Skartun		47641028

### Ungdomsutval:

B	1år Leiar	Ole Simen Nesdal	<b>Kjetil Berg</b>	99607677
B	1år Medlem	Vidar Jacobsen	<i>Kristian Slinde</i>	95259710
A	Medlem	Sverre Fjøsne	<i>attval</i>	90639848
A	Medlem	Kjetil Berg	<i>Ole Simen Nesdal</i>	90277167

### Hundeutval:

B	Leiar	Kurt Langeteig		95089899
B	Medlem	Bjørn Monsen		90590848
A	Medlem	Øyvind Husabø	<i>attval</i>	97155161
A	Medlem	Jon Husabø	<i>attval</i>	91308911

### Revisor:

A		Sverre Fossen	<i>attval</i>	95841004
B		Inge Yttri		90593596


### Valkomite:

A	Leiar	Kjell Erik Strand	<b>Terje Hove Thorsnes</b>	95191905
B	Medlem	Terje Hove Thorsnes	<b>Sven Erik Vestby</b>	91790817
B	Medlem	Sven Erik Vestby		99252281



# Leikanger Jakt- og Fiskeklubb

## Medlemsutvikling 1989-2009



Medlemsstat



## Aktivitatar 1. halvår 2010, Leikanger Jakt- og Fiskelag

Januar 2010		Februar 2010		Mars 2010		April 2010		Mai 2010		Juni 2010	
11. Jegerprøven	18:00	2. Jegerprøven	18:00	2. Jegerprøven	18:00	6. Jegerprøven	17:00	2. Livet i Pilavika		2. Flugekasting-jf skule	
19. Jegerprøven	18:00	8. Jegerprøven	18:00	4. Årsmøte	19:00	7. Opning bane	18:00	3. Dametren. 18:00-19:30		2. Trening	18:00
25. Jegerprøven	18:00	15. Jegerprøven	18:00	5. Utleige		12. Haglekurs damer		3. Kurs/trening	19:30	3. Ei-halsband	17:00
				6. NM-fjelltelemark		13. Jegerprøve-leirduer		5. Trening	18:00	4. Skulestang-Flotande	
				8. Akti.kveld isfiske	18:00	14. Trening	18:00	7. Garnfiske-jf skule		4. Flugekasting-jf skule	
				13. Utleige		15. Jegerprøve-100m		8. Garnfiske-jf skule		7. Kurs/trening	18:00
				14. Isfisketur	12:00	19. utvida jegerprøve		10. Dametren. 18:00-19:30		9. Trening	18:00
				15. Flugebitting- jf skule		21. Stovilt-skytekurs		10. Kurs/trening	19:30	9. Flugekasting-jf skule	
				19.-20. Leiarsamling		22. Stovilt-skytekurs		12. Trening	18:00	11. Flugekasting-jf skule	
				20.-21. årsmøte njff s. fj.		26. Nybyrjarkurs-hagle		19. Trening	18:00	? Fiskeklubben-Vålamyra	
				22. Flugebitting- jf skule		28. Trening	18:00	21. Skulestang Flotande ?		14. Dametren. 18:00-19:30	
								24. Vårsprellen	12:00	14. Kurs/trening	19:30
								25. Barnehagen-Flotande		16. Trening	18:00
								26. Trening	18:00	21. Trening	18:00
								27. Barnehagen-Vålamyra		23. Trening	18:00
								30. Indre Sogn Cup		28. Dametren. 18:00-19:30	
								31. Dametren. 18:00-19:30		28. Kurs/trening	19:30
								31. Kurs/trening	19:30	30. Trening	18:00
										? GPS-kurs	18:00

## Aktivitetar 2. halvår 2010, Leikanger Jakt- og Fiskelag

<i>Juli 2010</i>	<i>August 2010</i>	<i>September 2010</i>	<i>Oktober 2010</i>	<i>November 2010</i>	<i>Desember 2010</i>
5. Trening 18.00 7. Trening 18.00 18. Fiskesommer 12:00 30-31. Fisketur- jf skule 31. Fiskekonk Fjærlandsete	1. Fisketur- jf skule 2. Jegertrening 18:00 9. Jegertrening 18:00 16. Jegertrening 18:00 17. Duell - 200M 17:00 18. Duell – leirdue 17:00 21. Jaktfeltstemne 23. Haglekurs-damer 24. Makkafiske-jf skule 25. Lagsmeistarskap 17:00 26. Makkafiske-jf skule 30. Jegertrening 18:00	3. Skulestang-Flotande 4. Jakttskyting-100m 14:00 5. Jakttskyting-leird. 14:00 6. Jegertrening 18:00 8. Jegertrening 18:00 21. Garnfiske-barnehagen 22. Garnfiske-barnehagen ?? . Parteringskurs	2. Stend 11:00 3. Open dag-Kleppa 12:00 14. El-halsband 17:00	3. Fellefangst-jf skule 17. Fellefangst-jf skule 21. Fellefangst-jf skule 28. Fellefangst-jf skule 8 . Aktivitetskveld 18:00 29. Aktivitetskveld 18:00	5. Fellefangst-jf skule 12. Fellefangst-jf skule 13. Aktivitetskveld 18:00 19. Fellefangst-jf skule

# Referat frå årsmøte Leikanger Jakt- og Fiskelag Lagshytta på Kleppa 4.mars kl. 19:00

## Frammøtte:

Arne Skogli, Kåre Vangelsten, Inge Yttri, Kjell Erik Strand, Leif Frækaland, Kristian Slinde, Per Olav Henjum, Bjarne Sjøthun, Odd Reksnes, Ingar Husabø, Jan Magne Vigdal, Vidar Frækaland, Marianne Vara, Kurt Langeteig, Per Sivert Nesdal, Ole Simen Nesdal, Svein Inge Lundheim, Sverre Fjøsne, Per Norstein, Emil Røysum Skartun, Kjetil Berg og Geir Haukås (NJFF-Sogn&Fj.)

## SAKLISTE:

### 1. Godkjenning av møteinnkalling.

ingen merknad

### 2. Val av møteleiar og skrivar.

møteleiar: Svein Inge Lundheim  
skrivar: Per Norstein

### 3. Val av to personar til å skriva under møteprotokollen.

val: 1. Inge Yttri  
2. Bjarne Sjøthun

### 4. Årsmelding.

ingen merknad. Godkjend

### 5. Rekneskap.

Godkjend

### 6. Val.

#### Styret:

Nestleiar: Ole Simen Nesdal (ny)  
Kasserar. Håkon Nesse (attval)  
Varamedlem: Sverre Fjøsne (ny 1 år)  
Kvinnekontakt: Marianne Vara (attval)

#### Jaktutval:

Leiar: Bjarne Sjøthun (attval)  
Medlem: Per Olav Henjum (attval)

#### Fiskeutval:

Medlem: Terje Hove Thorsnes (attval)  
Medlem: Per Sivert Nesdal (attval)

#### Leirduebaneutval:

Leiar: Svein Inge Lundheim (attval)  
Medlem: Odd Reksnes (attval)

## Ungdomsutval:

Leiar: Kjetil Berg (ny 1 år)  
Medlem: Kristian Slinde (ny 1 år)  
Medlem: Sverre Fjøsne (attval)  
Medlem: Ole Simen Nesdal (ny)

## Hundeutval:

Medlem: Øyvind Husabø (attval)  
Medlem: Jon Husabø (attval)

## Revisor:

Sverre Fossen (attval)

## Valkomite:

Leiar: Terje Hove Thorsnes (ny)  
Medlem: Sven Erik Vestby  
Medlem: Emil Røysum Skartun

## 7. Val av 3 utsendingar til årsmøte i NJFF-Sogn og Fj.

Kjetil Berg, Svein Inge Lundheim, Marianne Vara

## 8. Info. om aktivitetar i 2010.

-Aktivitetskalendar.

-”Jakt- og fiskeskule”.

-Oppstart av fotogruppe i Leikanger jfl.

Odd Reksnes orienterte om planane.

Leiargruppe: Ørjan Talle (leiar), Odd Reksnes, Håkon Nesse

## 9. Innkomne saker.

-Bygging av heilårslavvo på Kleppa.

Odd Reksnes orienterte om saka.


**Styret får fullmakt til å arbeida vidare med saka og framføring.**

Geir Haukås frå NJFF Sogn&Fjordane: nytt frå forbundet

Årsmøtet slutt kl 20.30

Per Norstein ref

Underskrift:



Bjarne Sjøthun



Inge Yttri